

# Visjon 2025 | Eit steg nærmare

**Oppmuntre kvarandre til å gå saman med Jesus som disiplar i kvardagen**

**Nærmare Gud –  
Skapt til fellesskap med  
Jesus**

**Nærmare fellesskapet -  
Guds familie for alle  
generasjonar**

**Nærmare folket –  
Sendt for å tene og  
plassert i nærmiljøet**

## **Opp – Nærmare Gud. Skapt til fellesskap med Jesus**

Alt handlar om Han. Det er Gud gjennom Jesus som gir oss frelse, nåde, identitet og utrustning. Han gir oss kvile, frihet, glede og kraft, og kallar oss til fellesskap og teneste i kvardagen.

Opp-fokus er ikkje først og fremst ein aktivitet – men ein livsstil. Vårt mål er at alle i forsamlinga skal vere trygt grunnfesta i Guds ord og ha frelsesvisshet. Vi ynskjer at alt arbeidet vi gjer skal vere bada i bøn. Vi ber saman, oppmuntra av Guds løfter, og deler når Gud svarer og grip inn i liva våre.

Mark 12:30, Ef 2:8, Joh 15:5, Matt 6:33-34,

## **Inn - Nærmare fellesskapet. Guds familie for alle generasjonar**

Vi er familie fordi vi alle er Guds barn. Vi trenger alle generasjonar, og eit fellesskap som heier, er rause og oppmuntrar kvarandre. Vi vil være Jesu etterfølgere. Vi bruker dei evner og nådegåver vi har fått til å tene forsamlinga. Vi vil være eit fellesskap som alltid er forberedt på å ta imot nye. Vi har ekstra fokus på familie, ekteskap og barne- og ungdomsarbeid.

Apg 20:28, 1 Kor 12:4-11, Rom 12:9-19, Gal 5:22-23

## **Ut - Nærmare folket. Sendt for å tene og plassert i nærmiljøet**

Kva behov ser vi rundt oss? Jesus gir oss nød for våre medmennesker. Som Jesu etterfølgere ynskjer vi å være i Hans plan og gå i ferdiglagte gjerningar. Vi vil gjere det enklare for alle å komme nærmare Jesus – der dei er. Vi anerkjenner teneste utanfor bedehuset på lik linje med teneste innanfor bedehusveggane – da det er Gud som kallar oss til begge. Vi vil fortsette å støtte misjonsprosjektet i Kambodsja og andre misjonsland.

Matt 28:19-20, Rom 10:13-15, Apg 4:12, Joh 3:16